



## STORTINGET

# Innst. 374 S

(2020–2021)

Innstilling til Stortinget  
frå transport- og kommunikasjonskomiteen

Prop. 183 S (2020–2021)

---

### Innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen om Finansiering av prosjektet fv. 359 Kaste–Stoadalen i Nome kommune i Vestfold og Telemark fylkeskommune

---

Til Stortinget

#### Samandrag

Samferdselsdepartementet legg i proposisjonen fram forslag om finansiering av prosjektet fv. 359 Kaste–Stoadalen i Nome kommune i Vestfold og Telemark. Prosjektet gjeld bygging av 2,9 km tofelts fylkesveg i ny trasé.

Fv. 359 gjennom Stoadalen er svingete, trong, har låg trafiktryggleik og er lite skikka til ferdsel for mjuke trafikantar. Delar av vegstrekningen ligg tett opp til verneverdige bustadområde. Framkomma for tunge køyretoy på dagens veg er svært redusert. Utbygginga omfattar etablering av 2,9 km ny fylkesveg på strekningen Kaste–Stoadalen.

Det blir lagt opp til anleggsstart i løpet av 2021 med ferdigstilling i 2023.

I tidsperioden 1977–2019 har det vore 43 ulykker. Frå 2010 og 2019 har det vore 2 ulykker med alvorleg skadde, 5 med lettare skadde og 2 med ukjent skadeomfang, totalt 9 ulykker.

Kostnadane til prosjektet, inkludert etablering av ein bomstasjon, er rekna til 306 mill. 2019-kroner. Omrekna til 2020-prisnivå er kostnadsoverslaget 314,7 mill. kroner.

Finansieringa er basert på fylkeskommunale midlar og bompengar. Med utgangspunkt i prosjektet sitt kost-

nadsoverslag på 313,7 mill. 2020-kroner inkl. mva. inneber dette eit fylkeskommunalt bidrag på 178,4 mill. kroner og eit bompengebidrag på 135,3 mill. kroner.

Telemark fylkeskommune behandla saka i møte i fylkestinget 12. desember 2019. Vestfold og Telemark fylkeskommune behandla saka i møte i fylkestinget 1. september 2020 og fatta vedtak i tråd med Statens vegvesen si tilråding om garanti ved sjølvskuldarkausjon for eit maksimalt låneopptak avgrensa til 192 mill. kroner. Det samla garantibeløpet blir 211,2 mill. kroner. Vestfold og Telemark fylkeskommune sitt garantiansvar blir redusert i takt med den faktiske nedbetalinga av Vegfinans Vestfold og Telemark AS og Vegfinans fv. 359 Kaste–Stoadalen AS si gjeld.

Nome kommune behandla saka i møte i bystyret 5. desember 2019. Reguleringsplanen for prosjektet blei vedteken av Nome kommune 8. desember 2016.

Den samfunnsøkonomiske netto nytta til prosjektet er rekna til om lag –209 mill. kroner. Netto nytte per budsjettkrone er rekna til –0,81. Utan bompengefinansiering er den samfunnsøkonomiske netto nytta til prosjektet rekna til om lag –220 mill. kroner, og netto nytte per budsjettkrone er rekna til –1,93.

Det er lagt til grunn bompengeneinnkrevjing i 15 år. I finansieringsutrekningane er det lagt til grunn etter-skotsvis bompengeneinnkrevjing i perioden 2024–2038.

Basistakstar for passering blir 25 kroner i takstgruppe 1 og 50 kroner i takstgruppe 2.

#### Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Øystein Langholm Hansen, Kirsti Leirtrø, Sverre Myrli og Ingalill Olsen, frå Høgre, Solveig Sundbø Abrahamsen, Jonny

Finstad, Nils Aage Jegstad og leiaren Helge Orten, frå Framstegspartiet, Åshild Bruun-Gundersen, Bård Hoksrud og Tor André Johnsen, frå Senterpartiet, Bengt Fasteraune og Siv Mossleth, frå Sosialistisk Venstreparti, Arne Nævra, og frå Venstre, Jon Gunnes, viser til at fv. 359 er hovudferdselsåra mellom Ulefoss og Lunde i Nome kommune. Utbygginga omfattar etablering av 2,9 km ny fylkesveg på strekningen Kaste–Stoadalen. Eksisterande veg er mykje brukt til lokaltransport og er eit viktig bindeledd mellom Lunde og nedre og midtre Telemark.

Komiteen er kjent med at dagens veg gjennom Stoadalen er svingete, trong, har låg trafikktryggleik og er lite skikka til ferdsel for mjuke trafikantar. På strekningen Odden–Lanna ligg vegen tett opp til verneverdige bustadområder og med Telemarkskanalen tett inntil vegen på den andre sida. Fartsgrensa varierer mellom 40 og 60 km/t. Framkomma for tunge køyretøy på dagens veg er svært redusert. Vegen er svært smal på delstrekningen, stadvis berre med breidde for eitt tungt køyretøy om gongen. Tidvis hender det derfor at tunge køyretøy må rygge når to tunge køyretøy møtest. Det er ikkje fortau eller gangveg på strekningen.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre, syner til at Samferdselsdepartementet i tråd med dei lokalpolitiske vedtaka legg til grunn at Vestfold og Telemark fylkeskommune dekkjer kostnadsaukar ut over 10 pst. og står som garantist for låneopptak.

Fleirtalet viser til føresetnaden om at prosjektet fv. 359 Kaste–Stoadalen blir finansiert med fylkeskommunale midlar og bompengar. Det er lagt til grunn at 56,9 pst. av kostnadene blir finansiert med fylkeskommunale midlar og 43,1 pst. med bompengar. Med utgangspunkt i prosjektet sitt kostnadsoverslag på 313,7 mill. 2020-kroner inkl. mva. inneber dette eit fylkeskommunalt bidrag på 178,4 mill. kroner og eit bompengbidrag på 135,3 mill. kroner. Det blir lagt opp til anleggsstart i løpet av 2021 med ferdigstilling i 2023.

Komiteen er kjent med at dette er eit etterlengta prosjekt som det har vore arbeidd med lokalt i fleire tiår.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet er glade for at prosjektet med ny fv. 359 Kaste–Stoadalen skal bli realisert. Dagens vei har dårlig standard og er trafikkfarlig flere steder. Veien er skolevei, og hensynet til myke trafikantar er ikke godt nok ivaretatt i dagens situasjon. Disse medlemmer understreker viktigheten av at dette veiprosjektet nå blir igangsatt og gjennomført, men vil imidlertid påpeke at bruken av bompenger på dette prosjektet er uhørt.

Disse medlemmer viser til at Fremskrittspartiet er motstandere av bompenger. Bompenger er ekstrabeskatning av bilister som kommer i tillegg til skatter og avgifter de allerede har betalt inn til stat og kommune. Belastningen fra bompenger er en bekymring for mange, en bekymring disse medlemmer har forståelse for og deler. Fylkeskommunen har ansvaret for sine fylkesveier, og kostnadene i dette prosjektet både burde og skulle vært prioritert over fylkeskommunens egne budsjetter, uten at fylkets skattebetalende bilister skulle risikere å betale dyrt i bomstasjoner.

Disse medlemmer viser til at fylkesveien som omhandles i denne proposisjonen, frem til 1. januar 2010 var riksvei. Som et resultat av forvaltningsreformen som ble gjennomført av den rød-grønne regjeringen Stoltenberg 2, ble ansvaret for fylkesvei 359 overført fra staten til fylkeskommunen. Disse medlemmer viser til at Fremskrittspartiet var imot forvaltningsreformen da den ble kjørt gjennom i Stortinget. Disse medlemmer var imot reformen da og er like mye imot den nå. Feilen som ble begått i 2010, førte med seg en fylkeskommunal svikt i prioriteringen av vedlikehold og veiinvesteringer. Regningen for den feilen blir nå forsøkt lempet over på bilistene i form av bompenger.

Disse medlemmer synes det er fascinerende å registrere at fylkesordføreren fra Senterpartiet, som nå, sammen med de andre partiene han styrer Vestfold og Telemark fylkeskommune med, mener fylkeskommunen hans har så lite penger til veiformål at bilistene må flås med bompenger, selv var statsråd i regjeringen som sørget for at ansvaret for fylkesvei 359 havnet i nettopp hans egne hender. Disse medlemmer er kritiske til at fylkespolitikere som ikke makter å prioritere veiene de har ansvaret for, skal få anledning til å lempe regningen over på bilistene. Disse medlemmer viser til den betydelige økningen i overføringene fra staten til fylkeskommunene siden 2015 og legger til grunn at de rød-grønne partiene med denne saken er enige med Fremskrittspartiet i at forvaltningsreformen var et feilsteg.

Disse medlemmer mener denne saken tydelig viser hvor galt av sted forvaltningsreformen bar. Disse medlemmer mener det er på tide å omgjøre feilen fra 2010 og sikre at innbyggere og bilister i Vestfold og Telemark og resten av landet får trygge og gode veier, uten bompenger.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen omklassifisere fylkesvei 359 i Vestfold og Telemark fylke til riksvei og gjennomføre prosjektet Kaste–Stoadalen i Nome kommune med statlig fullfinansiering.»

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti legger til grunn fylkeskommunal tilslutning til finansieringsopplegget og vil med det støtte regjeringens forslag om finansiering av prosjektet fv. 359 Kaste–Stoadalen jf. Prop. 183 S (2020–2021).

Disse medlemmer merker seg at det fremkommer påstander i komitébehandlingen om at Fremskrittspartiet er motstandere av bompenger. Disse medlemmer finner det nødvendig å påpeke den historiske veksten i bompengeneinnkreving, den historiske økningen i antallet bomstasjoner og den historiske veksten i bompengegjeld nettopp i den tiden Fremskrittspartiet satt i regjering med både finansminister og samferdselsminister.

Disse medlemmer viser til at lånegjelden for bomselskapene ved utgangen av 2019 var på 61,2 mrd. kroner, sammenlignet med 35,5 mrd. kroner ved utgangen av 2013. Veksten i bompengeselskapenes lånegjeld skjedde med Fremskrittspartiet i regjering.

Disse medlemmer viser til at bilistene betalte 12,1 mrd. kroner i bompenger i 2019, sammenlignet med 8 mrd. i 2013. Veksten i bompengeneinnkreving skjedde i Fremskrittspartiets tid i regjering.

Ifølge Statens vegvesen har antallet bomstasjoner økt fra 170 i 2013 til 245 i 2018, en vekst på 44 pst., noe disse medlemmer konstaterer skjedde i Fremskrittspartiets tid i regjering.

## **Forslag frå mindretal**

### **Forslag frå Framstegspartiet:**

#### *Forslag 1*

Stortinget ber regjeringen omklassifisere fylkesvei 359 i Vestfold og Telemark fylke til riksvei og gjennomføre prosjektet Kaste–Stoadalen i Nome kommune med statlig fullfinansiering.

### **Tilråding frå komiteen**

Tilrådinga frå komiteen blir fremja av medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre.

Komiteen har elles ingen merknader, syner til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

I

Stortinget samtykker i at bompengeselskapet får løyve til å ta opp lån og krevje inn bompengar til delvis bompengefinansiering av prosjektet fv. 359 Kaste–Stoadalen i Vestfold og Telemark fylke. Vilråra kjem fram av Prop. 183 S (2020–2021).

II

Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet og fastsette nærmare reglar for finansieringsordninga.

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 4. mai 2021

**Helge Orten**

leiar

**Solveig Sundbø Abrahamsen**

ordførar



DET KONGELIGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets transport- og kommunikasjonskomité  
Stortinget  
0026 OSLO

Deres ref  
21/1123-1

Vår ref  
21/1123-2

Dato  
27. april 2021

**Prop. 183 S (2020-2021) Finansiering av prosjektet fv369 Kaste -  
Stoadalen i Nome kommune i Vestfold og Telemark fylkeskommune -  
Svar på spørsmål nr. 1**

Viser til brev av 21. april med spørsmål til Prop. 183 S (2020-2021) som transport- og kommunikasjonskomiteen har startet behandlingen av.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet stiller følgende spørsmål:

1. *I proposisjonens overskrift heter det «Nome kommune i Vestfold og Telemark fylkeskommune». Er det riktig å si at Nome er en kommune i Vestfold og Telemark fylkeskommune, eller er det mer riktig å si at Nome er en kommune i Vestfold og Telemark fylke?*

Det er riktig det som komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet påpeker at Nome er en kommune i Vestfold og Telemark fylke.

Med hilsen

Knut Arild Hareide